

# Kraftig vekst

## "Næringslivet skrik etter meir folk. Likevel reiser ungdomen sin veg"

FOLKEVEKST. Folketallsmessig har Ålesund snart lagt bak seg eit av sine beste år. Ålesund åleine står for meir enn den totale veksten i Møre og Romsdal fylke. Sunnmøre har ein vekst på 465 personar, men det er Ålesund som er drivkrafta i det talet. Halvparten av de 16 sunnmørskommunane går tilbake i folketall. I tillegg til Ulstein/Hareid er det ålesundsområdet, Ålesund, Sykkylven, Skodje, Sula og Giske som har framgang, mens den store industrikommunen Haram må registrere ein tilbakegang. Det kan kome av at mykje av den siste veksten er fundert på innleigd arbeidskraft som ikkje blir registrert i Haram. Det kan også kome av at Haram med dagens vegstandard og dagens vegnett ligg litt for langt unna Ålesund til å kunne dagpendle. Då vel dei heller å flytte til byen. **Betre veg og eit Hamnsundsamband kunne ha retta på det.** Haram slit også med stor fråflytting frå utkantstroka sine, eit tydeleg signal om at Nordøyvegen er viktig.

Stort paradoks.

I dei fleste industrikommunane i denne delen av landet går det nå historisk godt for næringslivet. Næringslivet skrik etter meir folk. Likevel reiser ungdomen sin veg. Den store fråflyttinga i aldersgruppa 20-29 år held fram, nær likt for begge kjønn. Berre Ålesund og Sula har pluss i denne aldersgruppa. Fleirtalet av utflyttarane kjem ikkje tilbake til fylket. Det å skape arbeidsplassar for ungdomen er altså ikkje åleine et godt nok agn for å få ungdommen til å bli. Samstundes veit vi at mange nå går ut av sitt yrkesaktive liv, og det er nok for få unge att i fylket til å kunne fylle opp dei ledige plassane. Alternativet for næringslivet blir i så fall å redusere produksjonen, eller å importere meir arbeidskraft fra EØS-området. Fra nyttår kjem Romania og Bulgaria med, ikkje akkurat land vi tenkjer på når det gjeld å skaffe høgkompetent arbeidskraft, men dei vil sikkert vere lærevillige og tilpasse seg raskt. Dei vil sikkert også fylle ein viktig funksjon i det å fylle ledige hol i maskineriet nå som alle ventar at det kan kome til å stanse heilt.

Samferdsel.

Vi har tidlegare peika på kor avgjerande det vil vere for tilbakeflyttinga av ungdom som har vore ute for å skaffe seg kunnskap, at dei har fridom til å velje dersom dei skulle kome heim. Dei kjem ikkje frå eit Oslo der jobbane står i kø, dersom det er berre eitt jobbalternativ, kanskje til og med berre ei bedrift der heime som har eit interessant jobbtilbod. Du sel ikkje hus, tar barna ut av barnehage og kanskje til og med lar ektefellen seie opp jobben sin, berre for denne eine stillinga på Sunnmøre. Hadde det vore fleire å velje imellom, og hadde arbeidsmarknaden vore stor nok og varert nok til at også ektefellen kunne velje og vrake, så kanskje hadde freistinga blitt stor nok. At det samstundes fanst eit område som var samanvevd av samferdsel, som hadde eit høgt nok folketal og økonomiske ressursar sterke nok til å framstå som eit attraktivt urbant miljø med valfridom også når det gjeld kulturtilbod og uteliv, ja, så kunne ein faktisk ha håp om at langt fleire unge ville finne det attraktivt å vende nasen heim. Men det er eit godt stykke dit.

Publisert torsdag 21. desember 2006 kl. 00:01